



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets kommunal- og forvaltningskomite
0026 OSLO

Dykkar ref
2022/2570

Vår ref
22/6519-2

Dato
21. oktober 2022

**Dokument 8:262 S (2021-2022) Representantforslag frå
stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, Ola Elvestuen og André N.
Skjelstad om skjerpa klimakrav til bygg**

Eg viser til brev datert 30. september 2022 frå Kommunal- og forvaltningskomiteen. Eg er invitert til å vurdere Dokument 8:262 S (2021-2022) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, Ola Elvestuen og André N. Skjelstad om skjerpa klimakrav til bygg.

Representantane ber om at regjeringa sender på høyring framlegg om endringar i byggteknisk forskrift og byggesaksforskrifta om følgjande:

- krav om klimagassrekneskap for bygg som omfattar heile livsløpet for byggeprosessen (inkludert arbeidet på byggeplassen, montasjen og gjennomføringa) og gjelde heile bygget, med verknad seinast frå 1. januar 2024.
- maksimalkrav til klimagassutslepp for alle nybygg med verknad seinast frå 1. januar 2024, med gradvis skjerpa krav fram mot 2030.
- skjerpa krav til sortering av avfall på byggeplass frå 70 til minst 80 pst. frå 1. januar 2024, og varsel om gradvis ytterlegare aukiing av prosentkravet i åra framover.

Regjeringa vedtok fleire endringar i byggteknisk forskrift frå 1. juli, basert på eit forslag som var på høyring i 2021. Vi har innført krav om klimagassrekneskap ved bygging av større bygg, som bustadblokker og næringsbygg, som vil gi verdifull innsikt og auka medvit om kva som skal til for å redusere utsleppa. Kravet til sortering av avfall ved tiltak i nye og eksisterande bygg blei auka frå 60 til 70 prosent. Det blei også innført krav om at nye bygg skal vere tilrettelagde for seinare demontering, og at materialar skal kartleggast for ombruk ved endringar i eksisterande bygg. Dette er tiltak som legg til rette for reduserte utslepp og betre ressursbruk.

For å få ned utsleppa og ressursbruken, bør vi rive mindre og bruke dei over 4 millionar bygningane vi har her i landet lenger. Samtidig må fleire byggevarer finne vegen tilbake inn i kretsløpet gjennom ombruk. Regjeringa har også endra reglane i forskrift om dokumentasjon av byggevarer. Dei nye reglane, som tok til å gjelde 1. juli i år, gjer det enklare å bruke brukte byggevarer, og vil opne opp for grøn vekst i ombruksmarknaden.

Eg meiner forskriftsendringane som tok til å gjelde 1. juli er viktige første steg, som legg til rette for vidare arbeid med ei berekraftig byggenæring. Hurdalsplattforma slår fast at vi må skjerpe krava til byggenæringa. Samtidig er det eit mål å halde byggekostnadene så låge som mogleg. Eg meiner det er viktig at vi balanserer desse omsyna. Byggekostnadene er allereie høge, og feil utforma krav kan auke dei endå meir, utan at vi kjenner klimagevinsten. Regjeringa er i gang med å hente inn kunnskap om kor store klimagassutsleppa er frå bygging i dag, kor mykje det er mogleg å redusere dei, og korleis byggekostnadene blir påverka. Dette er kunnskap eg meiner det er nødvendig å ha på plass før regjeringa kan vurdere forslag til nye krav som skal gjelde for alle nybygg. Eg vil også understreke at dei som ønsker å byggje med materialar med lågare utslepp, kan gjere det i dag.

Representantane foreslår å auke kravet til sortering av avfall på byggeplass til minst 80 prosent frå 2024 og varsle gradvis ytterlegare auking. Eg meiner det er viktig å bidra til at mengden avfall frå byggetiltak blir redusert, og at vi må leggje til rette for auka ombruk og gjenvinning. Då regjeringa før sommaren vedtok kravet om at 70 prosent av avfallet skal bli sortert på byggeplass, tok vi omsyn til at krava i byggteknisk forskrift skal etterlevast i heile landet. Det er høgare kostnader ved sortering av avfall i distrikta når det er langt mellom avfallsmottaka, samanlikna med sentrale område. Eg vil understreke at byggteknisk forskrift allereie krev at alt avfall frå byggetiltak blir levert til godkjent avfallsmottak eller direkte til gjenvinning. Vidare er kravet til sortering av avfall på byggeplass eit minstekrav, og byggenæringa kan velje å sortere meir på byggeplass, der det ligg til rette for det.

Forskriftsendringane regjeringa vedtok før sommaren, tok til å gjelde 1. juli. Representantane kjem nå med konkrete og detaljerte forslag til nye forskriftskrav, som regjeringa skal sende på høyring. Eg meiner forslaga ikkje er hensiktsmessige, og tilrår at forslaga ikkje blir vedtekne.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik